

71 grader nord-programmet i reprise laurdag.

04.03.2016



Deltakarane fekk flott utsikt!

Vi kan trygt sei at tilbakemeldingane etter programmet i TVNorge-serien 71 grader nord - Norges tøffeste kjendis sist søndag har vore overstrøymande! For dei som gjekk glipp av programmet, eller ønskjer å sjå det om att, er det derfor kjekt å det vert sendt i reprise. Det skjer i morgen, laurdag, i beste sendetid kl.20.



Pause i veggen av Ulvanåso.

Mange eg har snakka med, har fortalt om alle dei kjekke meldingane dei har fått etter programmet, og sjølv har eg erfart det ved å få meldingar frå fjern og nær om det flotte programmet. Nokre av meldingane har kome frå personar eg har hatt kontakt med tidlegare år, men lite i seinare tid. Naturleg nok er det naturen som begeistrar. Stadig fleire oppdagar den perla Ulvanåso er, og den flotte naturen elles som vi er omgitt av. Vi er heldige! I morgen kveld er det altså reprise kl.20. Dermed vert det på ny kringkasta flott reklame for bygda vår til eit stort publikum.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto frå TV-skjermen: Ola Matti Mathisen